

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/11619 - 21/9303

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
10.02.2021

## **Oversender vedtak om dispensasjon frå arealføremålet LNF og løyve til oppretting av ny grunneigedom med etablert fritidsbustad til endeleg avgjerd - gbnr 305/36 Fløksand**

### **Saksopplysningar**

Eigedom: Gbnr 305/36  
Adresse: Rosslandsvegen 1147, 5918 Frekhaug  
Tiltakshavar/eigar: Fløksand Fritid AS  
Klagar: Arne Gunleiv Haugsvær – grunneigar av gbnr 305/3, der vegen går

### **Saka gjeld**

Saka gjeld klage på delegert vedtak sak 20/11619, datert 27.10.2020, om oppretting av ny grunneigedom ved frådelling av parsell rundt eksisterande fritidsbustad på gbnr 305/36 med etablert fritidsbustad.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 03.02.2021 med saknr. 024/21, der Alver kommune sitt vedtak datert 27.10.2020 i sak 20/11619 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

### **«APM- 024/21 Vedtak:**

*Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/11619, datert 27.10.2020, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.*

*Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.*

*Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.»*

Vedtaket i sak 20/11619, datert 27.10.2020, har følgjande ordlyd:

*«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet landbruk, natur og friluft, samt reindrift (LNFR) i kommunedelplan for Meland for oppretting av*

ny grunneigedom på gbnr 305/36 i samsvar med oppdatert situasjonsplan datert 26.10.2020.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på 1500 m<sup>2</sup> frå gbnr.305/36 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 26.10.2020, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikellova, men skal ikkje vera over 1500m<sup>2</sup>.
- Bruksrett til veg må dokumenterast og tinglysast seinast samstundes med oppmålingsforretninga.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.»

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på vedtak om dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom - gbnr 305/36 Fløksand  
Skøyte - gbnr 305\_36  
Svar på førespurnad om tilknytning til klagen - gbnr 305/36 Fløksand  
Tilsvar til klage med juridisk utgreiing  
Klage hyttetomt 305-36 Fløksand  
Dispensasjon og løyve til deling - gbnr 30536 Fløksand  
Nytt situasjonskart gbnr 305/36 Fløksand  
Uttale til utvida bruk av avkøyrsløse - delingssak - gbnr 305/36 Fløksand  
Uttale frå landbruk som gjeldt deling av fritidseigedom - gbnr 305/36 Fløksand  
Nabovarsel til oppretting av grunneigedom til fritidsbustad - gbnr 305/36 Fløksand  
Brev disp søknad\_08.07.2020  
Søknad om oppretting av grunneigedom til fritidsbustad - gbnr 305/36 Fløksand  
Nabovarsel  
Naboliste  
Situasjonskart  
Skylddeling - gbnr 305\_36

**Kopi til:**

Arne Gunleiv Haugsvær	Roslandsvegen 1161	5918	FREKHAUG
Arne Gunleiv Haugsvær	Roslandsvegen 1161	5918	FREKHAUG
John Kjetil Flatøy	Postboks 260	5902	ISDALSTØ
John Kjetil Flatøy	Postboks 260	5902	ISDALSTØ
Jurist Rettshjelper Ingeniør Halldor Havsgård	Postboks 6168	5892	BERGEN
Jurist Rettshjelper Ingeniør Halldor Havsgård	Postboks 6168	5892	BERGEN

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------